



**Branntroppen i Uskedalen som også dekkjar Herøysund rykka måndag kveld klokka 19.30 ut til ein heftig garasjebrann der huset som brant vart totalskada. Det låg heilt nede ved kaien og troppen hadde kontroll på brannen etter ein time.**

Det var ei stund fare for eksplosjon fordi det låg sveisegassflasker i garasjen. To hus i området vart evakuert men evakueringa vart oppheva ved 21-tida. Uskedelingane var ikkje ferdig med jobben før ved 2-tida i natt. Politiet held idag på med etterforsking.

Branntroppen har hatt meir å gjera i Herøysund dei siste dagane, då den også rykka ut til bussulukka for nokre dagar sidan og til ein pipebrann i dag. Heldigvis var denne brannen nærmast sløkt då troppen kom fram.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Håvard Røyrvik